

18. Budsjett 2016 – Vedtak i Kommunestyret 15.12.2015 – K-sak 103/2015

Til slutt vart det votert over budsjettet som helhet.
Vedteke med 16 mot 5 (H) røyster.

1. Vedtak Handlingsprogram 2016 – 2019
 - A. Handlingsprogram for 2016 – 2019 vert vedteke med dei mål og premisser som går fram av handlingsprogramdokumentet
2. Økonomiplan 2016 – 2019 vert vedteke som retningsgjevande for perioden 2016 – 2019
3. Årsbudsjett 2016 vert vedteke med følgjande hovudpunkt:
 - A. Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek.
 - B. For eigedomsskatteåret 2016 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. Eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav a
 - i. For nærings eigedomar, verk og bruk blir skattesatsen fastsett til 7 ‰ av takst for eigedomsskatt, med heimel i esktl. §§ 10 – 12
 - ii. Med heimel i esktl. § 12 a) blir eigedomsskatten fastsett til 3,5 ‰ av takst for eigedomsskatt for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar. Med dette meinast bustader for fast busetting og på bustader for fast busetting, fritidsbustader, samt bustadhus på landbrukseigedomar.
 - iii. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Gol kommune vedteke i kommunestyret 7.9.2010 – sak 48/2010 – skal gjelde for eigedomsskatteåret 2016, jf. esktl. § 10
 - iv. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2016 er basert på takster fastsett ved siste alminnelege taksering gjennomført i år 2010.
 - v. Klage over takstvedtaket og klage over utskrivingsvedtaket vert etter esktl. § 20 avgjort av ei sakkunnig nemnd.
 - vi. Med heimel i esktl. §7 fritak kommunestyret eigedomar for eigedomsskatt som i vedtak K.sak 60/10 (fritak som i 2011 - 2014)
 - vii. Eigedomsskatten blir skriva ut i 2 terminer, jfr. esktl. § 25 første lekk. Terminforfall er sett til 1. april og 15. september

C. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «Hovudoversikt drift – 1A og 1B»

Brutto frie disponible inntekter	kr.	298.830.000
Netto utgifter til renter og avdrag	kr.	20.978.000
Netto avsetningar	kr.	2.862.000
Til fordeling på driftssektorene	kr.	274.990.000

D. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «Hovudoversikt investering – 2A og 2B»

E. Overskriding av budsjetttrammene må ikkje finne stad utan at det er innhenta samtykke i samsvar med delegasjonsreglementet sine fullmakter frå budsjettansvarleg organ. Formannskapet og utvala (UNN og UKL) får fullmakt til og gjera vedtak om omdisponering innfor eigne budsjetttrammer. Beløpa skal ikkje nyttast på ein slik måte at driftsutgiftene for seinare år aukar.

F. Kommunestyret godkjenner ei låneramme for 2016 på kr. 121.350.000 kroner for å finansiere nye, netto løyvingar til investeringar

G. Rådmannen gis fullmakt til å godkjenne lånevilkår innfor nemnde låneramme

H. Godtgjersle til folkevalde for 2016 blir fastsett i samsvar med reglementet for godtgjersle til folkevalde vedteke 16.06.09.

I. Tilskot til politiske parti og grupper i kommunestyret i 2016 blir fordelt med kr 500 i grunntilskot og kr 1.900 pr. representant.

Gebyrreglement, avgifter og satsar for betaling av tenester i samsvar med vedlegg 16.1 i Handlingsprogram og Økonomiplan for 2016 – 2019 gjerast gjeldande frå 1.1.2016 dersom ikkje anna er fastsett i regulativet

Heimelsregisteret blir endra med verknad frå 1.1.2016

Økonomiavdelinga – reduksjon 0,5 stillingsheimel
Helsehjelp i heimen – reduksjon 2,9 stillingsheimlar
Kjøken – auke 0,08 auke i stillingheimel